

# Internasjonale aktivitetar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune

Rapport 2016

# Innhald

Innhald .....	2
1 Bakgrunn.....	3
2 Gjennomføring av kartlegginga 2016.....	3
3 Topp 5 av dei viktigaste funna.....	3
4 Tilbakemeldingar om aktivitetar i 2016 .....	3
4.1 Aktivitetsnivå: «97,5% av skulane hadde internasjonale aktivitetar i 2016» .....	3
4.2 Typar internasjonale aktivitetar .....	4
4.3 Deltaking: «Internasjonale aktivitetar innan alle utdanningsprogram» .....	7
4.4 Geografisk fordeling .....	8
4.5 Gjennomføring av aktivitetane .....	11
4.6 Førebuing av internasjonale prosjekt.....	11
5 Internasjonalisering «heime» .....	12
6 Planlagde aktivitetar for 2017 .....	13
7 Hindringar for internasjonalisering.....	14
8 Motivasjonen bak og effektar av internasjonalisering .....	15
8.1 Motivasjonen for internasjonalisering.....	15
8.2 Effektane av internasjonalisering .....	16
9 Informasjon og oppfølging.....	17
Figur 1: Aktivitetsnivå 2016.....	4
Figur 2: Prosentdel av skular som har hatt internasjonale aktivitetar 2007-2016 .....	4
Figur 3: Elevutveksling: EU-program samanlikna med "elevturar" .....	6
Figur 4: Utveksling av lærarar 2008 - 2016 .....	7
Figur 5: Aktivitet fordelt på utdanningsprogram.....	8
Figur 6: Aktivitet i samarbeidsregionane .....	9
Figur 7: Topp 10 samarbeidsland i Europa .....	9
Figur 8: Hjelpemidlar i internasjonale prosjekt.....	12
Figur 9: Har skulen hatt aktivitetar i 2016 som kan definerast som internasjonalisering heime? .....	12
Figur 10: Planlagde aktivitetar for 2017.....	13
Figur 11: Hindringar for internasjonaliseringsarbeidet.....	15
Figur 12: Hovudmotivasjonen for internasjonalisering .....	15
Figur 13: Får skulane tilstrekkeleg informasjon om tilboda som finst? .....	17
Figur 14: Får skulane tilstrekkeleg informasjon (2009-2016) .....	17
Figur 15: Informasjonskjelder som er ønskelege.....	18
Tabell 1: Type internasjonale aktivitetar skulane har hatt i 2016 .....	5
Tabell 2: Geografisk fordeling av samarbeidsland i Europa 2012-2016 .....	10
Tabell 3: Samanlikning av planlagde og gjennomførte aktivitetar innan eit utval kategoriar .....	14

## 1 Bakgrunn

Frå 2007 til 2014 blei det gjennomført årlege kartleggingar av dei internasjonale aktivitetane ved dei fylkeskommunale vidaregåande skulane i Hordaland. I 2015 blei det ikkje gjennomført kartlegging, då det heller var ønskjeleg å gjere dette annakvart år. Denne rapporten gjeld for året 2016, og vil, der det er mogleg og relevant, samanlikne resultata med tidlegare års kartleggingar. I 2010 var skulane i Hordaland ein del av ei nasjonal kartlegging gjennomført av Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU), i eventuelle samanlikningar vil det derfor ikkje framkomme tal frå dette året.

Målet med kartlegginga er å få oversikt over aktivitetsnivået til skulane og kva for aktivitetar dei har, samt motivasjonen bak og eventuelle hindringar for det internasjonale arbeidet. Med bakgrunn i kartlegginga vil opplæringsavdelinga kunne fortsetje å følgje opp skulane på ein systematisk måte i arbeidet med internasjonalisering.

## 2 Gjennomføring av kartlegginga 2016

Kartlegginga 2016 er utarbeidd av opplæringsavdelinga med utgangspunkt i tidlegare års undersøkingar og rapportar. Vi har brukt verktøyet SurveyXact til utarbeiding av den elektroniske undersøkinga samt uthenting av data. Den 13. februar 2017 blei det sendt ut ein e-post til offisielt postmottak ved dei vidaregåande skulane med lenke til ei elektronisk undersøking. Tilgangen til spørjeskjemaet blei stengd 8. mars 2017. Då hadde 40 av 40 vidaregåande skular svart på undersøkinga. Dette representerer ein svarprosent på 100%. Skular som Fagskulane i Hordaland, Hysingen produksjonsskole og Manger folkehøgskule er ikkje med i undersøkinga.

Det er ikkje gjort store endringar i spørjeskjema samanlikna med tidlegare år. Nokre av spørsmåla har mindre endringar, der nokre av kategoriane er tatt bort eller blitt meir spesifisert enn tidlegare. Grunnen til at nokre av kategoriane er tatt bort, har samanheng med at i 2014 lanserte EU-kommisjonen eit nytt utdanningsprogram, Erasmus+. Dette programmet erstattar mange av programma som tidlegare høyrde innunder Livslang læring-programmet, som til dømes Leonardo da Vinci, Comenius og Grundtvig. Desse programma blei avslutta i 2015. I samanlikningsmaterialet vil det i nokre tilfelle vere overlapping mellom nye og gamle EU-program.

## 3 Topp 5 av dei viktigaste funna


- 97,5% av skulane som deltok i undersøkinga, hadde hatt internasjonale aktivitetar i 2016
- Internasjonal aktivitet på alle utdanningsprogram
- 95% av skulane meiner det er viktig at elevane får internasjonal erfaring
- Samarbeid i 31 land/regionar i Europa
- Markant auke i bruken av EU-program

## 4 Tilbakemeldingar om aktivitetar i 2016

### 4.1 Aktivitetsnivå: «97,5% av skulane hadde internasjonale aktivitetar i 2016»


På spørsmål om skulane har hatt internasjonale aktivitetar i 2016, svarer 97,5% av skulane «ja». Det er berre ein skule som melder om at dei ikkje hadde internasjonale aktivitetar i fjor. På spørsmål om kva som er årsaka til at det ikkje er gjennomført internasjonale aktivitetar, er det gitt tilbakemelding om

at dette ikkje har vore prioritert. Det er viktig å presisere at skulane står fritt til sjølve å definere kva dei reknar som internasjonale aktivitetar.



Figur 1: Aktivitetsnivå 2016

Det er gledeleg å sjå at alle bortsett frå ein av dei vidaregåande skulane har aktivitetar dei klassifiserer som internasjonale. Gjennom dei ti åra kartlegginga har vore gjennomført, har det vore stor aktivitet på skulane når det gjeld internasjonalisering. Resultata framstilt i Figur 2, viser at sidan 2007 har gjennomsnittleg 90% av skulane i Hordaland hatt internasjonale aktivitetar på skulen. Dette indikerer at det er tradisjon for å arbeide internasjonalt i Hordaland og at dette arbeidet i høg grad er systematisert.



Figur 2: Prosentdel av skular som har hatt internasjonale aktivitetar 2007-2016

## 4.2 Typar internasjonale aktivitetar

I høve til spørsmål om kva type aktivitetar skulane tok del i, var det 15 faste kategoriar av aktivitetar, i tillegg til ein open kategori. Det er gjort nokre endringar i kategoriane samanlikna med tidlegare år. Alle variablar og kategoriar knytt til dei tidlegare Livslang læring-programma til EU, t.d Leonardo da Vinci og Comenius, er tatt bort då dei blei avslutta i 2015 og ikkje lenger er gyldige. Grunna tilsynelatande auka interesse for andre typar program, er kategoriane «Deltaking i EØS-prosjekt» og «Deltaking i

Gjør det!-programmet» lagde til. I tillegg har kategoriar som omfattar elev- og lærarutveksling blitt gjort meir spesifikke, for å få betre oversikt over skilnader på utveksling gjennom EU-program, HFK-program og andre organisasjonar. Ein kategori som skulle ha vore med, men fall bort i spørjeskjemaet, er «Erasmus+ Strategisk partnerskap». Sjølv om vi har informasjon om at det er skular som deltar i denne type aktivitet, inngår ikkje denne kategorien som ein del av det innsamla datamaterialet og kan dermed ikkje brukast.


Tabell 1 viser ei oversikt over prosentdelen av skular som deltar i dei ulike fast oppsette kategoriene med aktivitetar. Dei tre mest vanlege aktivitetane i 2016 var «Erasmus+ sendt ut elevar» (72%), «Erasmus+ sendt ut lærarar» (59%) og «Elevtur/studietur (kortare studieturar)» (56%). Her kan det observerast tydelege endringar frå tidlegare år. Fram til no, har kategorien «Elevtur/studietur», vore den mest nytta aktiviteten kvart år.

Type internasjonale aktivitetar skulane har hatt i 2016	%
Erasmus+ sendt ut elevar	72%
Erasmus+ sendt ut lærarar	59%
Elevtur/studietur (kortare studieturar)	56%
Erasmus+ tatt imot elevar	44%
OD-dag	41%
Elevutveksling - sendt ut avtaleelevar (Vg2 i utlandet gjennom HFK)	31%
Erasmus+ tatt imot lærarar	26%
Elevutveksling - sendt ut elevar gjennom utvekslingsorganisasjonar (t.d ASF, YFU, EF)	26%
Elevutveksling - tatt imot elevar gjennom utvekslingsorganisasjonar (t.d ASF, YFU, EF)	18%
Lærarutveksling - sendt ut lærar(ar) (utanom EU-programma)	15%
Deltaking i Nordplus-prosjekt	10%
Lærarutveksling - tatt imot lærar(ar) (utanom EU-programma)	10%
Deltaking i EØS-prosjekt	5%
Elevutveksling - tatt imot avtaleelevar gjennom HFK	5%
Deltaking i Gjør det!-programmet	3%
Andre aktivitetar	49%

Tabell 1: Type internasjonale aktivitetar skulane har hatt i 2016

EU-program som Leonardo da Vinci og Erasmus+ har vore populære innan yrkesfag i fleire år, og når vi samanliknar alle kartleggingane, ser vi at det er ein litt større auke i bruken av EU-programma enn elevturar. Figur 3 viser utviklinga i bruken av EU-finansiert elevmobilitet samanlikna med utviklinga av elev/studieturar dei siste åtte åra. Her ser vi at bruken av Leonardo-programmet har ein jamn auke fram til 2014, og at etter at Erasmus+ blei introdusert, har det vore ein markant auke i talet på skular som nyttar seg av tilbodet. Det er positivt at fleire drar nytte av denne ordninga, då slike prosjekt representerer langvarige relasjonar, i tillegg til at dei bidreg med ekstern finansiering av aktivitetane. Mangel på moglegheiter for økonomiske støtte kan vere delar av årsaka til at «elevtur/studietur» går litt ned og blir forbigått av EU-program. Denne type aktivitet har ikkje dei same moglegheitene til å

søkje om ekstern finansiering og krev at skulen/elevane finn andre alternative måtar for å finansiere ordinære elevturar.




Figur 3: Elevutveksling: EU-program samanlikna med "elevturar"

Gjennom mange år med internasjonalt arbeid har vi observert at mottak av elevar frå utlandet har skjedd i ein mykje mindre skala enn utsending av elevar. Når vi samanliknar tala på skular som har tatt imot elevar frå utlandet gjennom Erasmus+ i 2016, ser vi ein markant auke frå førre kartlegging, frå 24% av skulane som tok imot elevar gjennom Leonardo da Vinci (8% gjennom Erasmus+) i 2014 til 44% av skulane som tok imot elevar i Erasmus+ i 2016. I tillegg har 18% av skulane tatt imot elevar gjennom ulike utvekslingsorganisasjonar. Auken i mottak av elevar kan ha samanheng med den voksande aktiviteten i Erasmus+, gjennom både elevmobilitet samt partnerskapsprosjekt. Når det er høgare aktivitet og det blir sendt ut fleire elevar, er det naturleg å forvente å ta imot eit større tal også.

Interkulturell kompetanse er eit av utviklingsområda i «Plan for kompetanseutvikling 2016-2020», og planen har blant anna som mål å bidra til å auke den internasjonale kompetansen blant lærarar og skuleleiarar. Tilsette på skulane kan søkje om utdannings- og reisestipend til slike aktivitetar frå internasjonaliseringsbudsjettet til opplæringsavdelinga. I tillegg er eit av måla i opplæringsavdelinga si handlingsplan for internasjonalisering at vi skal bidra til lærarutveksling gjennom Erasmus+. Det er derfor gledeleg at kartlegginga visar ein markant auke i lærarutveksling.

Lærarutveksling kan involvere fleire ulike aktivitetar, t.d erfaringsutveksling, kurs, hospitering eller undervisning i utlandet, men også som følgjepersonar til elevar som er på praksisopphald i utlandet. I tidlegare kartleggingar var det berre ein kategori som involverte utsending av lærarar; «Lærarutveksling – sende ut lærarar». I denne kartlegginga er kategorien delt i to slik at det er enklare å skilje mellom lærarutveksling gjennom eller utanom EU-program. Figur 4 viser at prosentdelen av skular som sender ut lærarar gjennom Erasmus+ i 2016, er mykje høgare enn heile den samla kategorien frå tidlegare kartleggingar. «Lærarutveksling – sende ut lærarar» var på 13% i 2014, dette har auka til 59% i kategorien «Erasmus+ sendt ut lærarar» i 2016-kartlegginga, i tillegg seier 15% av skulane at dei har sendt ut lærarar utanom EU-programma. Resultata tyder på at det er ønskjeleg med meir samarbeid mellom lærarar samt at det er interesse for å utvide den internasjonale kompetansen til å famne heile skulefelleskapet. Dette ser vi på som ei positiv utvikling då det vil komme den einskilde lærar, samt skulen og elevane til gode i det lange løp.



Figur 4: Utveksling av lærarar 2008 - 2016


Resultata framstilt i Tabell 1 (s. 5), viser også at det framleis er mogelegheiter å hente ut meir finansiering til internasjonale aktivitetar gjennom større deltaking i andre program enn Erasmus+, som t.d Nordplus, EØS og Gjør det!-programmet. I motsetning til Erasmus+ mobilitetsprogrammet og Gjør det!, så opnar både Nordplus og EØS-midlane, samt andre delar av Erasmus+programmet, også for andre deltakarar enn berre innan yrkesfaglege utdanningsprogram.

Det er 49% av skulane som svarer at dei har ulike andre aktivitetar som ikkje passar inn i dei faste oppsette kategoriane. Her kan ein nemne bistands- og solidaritetsprosjekt, førebuande møte for deltaking i EU-programma, internasjonale samlingar og møte, nettverksbygging og mottak av assistentar i språkundervisninga.

### 4.3 Deltaking: «Internasjonale aktivitetar innan alle utdanningsprogram»

Figur 5 viser ei oversikt over prosentdelen av skular som har hatt, eller ikkje hatt, internasjonale aktivitetar innan dei ulike utdanningsprogramma som blir tilbydde på skulen. Talet på skular som tilbyr dei ulike programma står i parentes. Det er positivt at dei internasjonale aktivitetane er spreidde på alle utdanningsprogramma. Restaurant- og matfag, Studiespesialiserande, Helse- og oppvekstfag samt Musikk, dans og drama er dei fire utdanningsprogramma som har høgast aktivitetsnivå. Det er relativt få skular som tilbyr Restaurant- og matfag og Musikk, dans og drama, og det skal derfor ikkje så mange skular til før dei oppnår høg uttelling. Samstundes er begge desse utdanningane sterkt knytt til internasjonale trendar, og det er kanskje naturleg at dei bør ha høg aktivitet innan internasjonalisering. Studiespesialiserande har tradisjonelt sett vert svært aktive innan internasjonalisering, og det er kanskje naturleg med tanke på at det er eit generelt og allmenndannande studium, som inkluderer både språk- og samfunnsfag. Når det gjeld Helse- og oppvekstfag har vi erfart ein trend med at dei reiser utanlands for å lære andre arbeidsmetodar og nye måtar å tenkje på rundt helsefaget. Vi ser og at for nokre yrkesgrupper spelar språk ein stor rolle i kor dei har utanlandsopphald. Innan helsefaga er det ofte særskilt viktig at ein kan kommunisere med brukarane, og vi ser at norske elevar gjerne reiser til Danmark, England og Spania<sup>1</sup>.

<sup>1</sup> I Spania har elevane praksisopphald på institusjonar som er delvis norske.



Figur 5: Aktivitet fordelt på utdanningsprogram

Undersøkinga viser ikkje kva for aktivitetar kvart utdanningsprogram har gjennomført, og det er dermed vanskeleg å konkludere med om det er ulike typar internasjonale aktivitetar som skil seg ut for ein skule utdanningsprogram. Tradisjonelt sett er studiespesialiserande utdanningsprogram mest aktive på dei «tradisjonelle» språk- og studieturane, medan dei ulike yrkesfaglege utdanningsprogramma i stor grad nyttar seg av EU-programma i internasjonaliseringsarbeidet.

Alle dei yrkesfaglege utdanningsprogramma har særskilte gode moglegheiter for finansiering gjennom EU-programma samanlikna med tilbod som er tilgjengeleg for studiespesialiserande og –førebuande utdanningar. Det at 86% av skulane som tilbyr studiespesialiserande, har internasjonale aktivitetar, vitnar om at det er mogleg å ha eit høgt aktivitetsnivå sjølv med avgrensa finansieringsmoglegheiter.


## 4.4 Geografisk fordeling

### «14 skular har samarbeid i samarbeidsregionane»

Hordaland fylkeskommune har formalisert samarbeid med fleire europeiske regionar. Figur 6 viser ei oversikt over talet på skular som har hatt samarbeid i eit utval samarbeidsregionar over ein periode på fire år. Det er 14 skular som melder om ulike samarbeidsprosjekt i fem av samarbeidsregionane til fylkeskommunen i 2016. Tre av skulane har samarbeid med meir enn ein av regionane.

Hordaland fylkeskommune og opplæringsavdelinga har over lengre tid opparbeidd god kontakt med nøkkelpersonar i samarbeidsregionane, noko som har gitt eit godt og stabilt samarbeid. Opplæringsavdelinga har vidare målsetting om å etablere fleire skulesamarbeid i regionar der vi allereie har Hordalandsklassar. Tilbakemeldingane viser at 15 av dei 17 prosjekta skulane melder om, er i dei prioriterte samarbeidsregionane; Cardiff (3), Normandie (8) og Thüringen (4). For Cardiff var det ein liten nedgang i 2014, som kan ha hatt samband med økonomiske utfordringar og omorganiseringar i administrasjonen i Wales på dette tidspunktet. Både i Normandie og Thüringen ser vi ein auke i talet på skular som har samarbeidd i desse regionane dei siste fire åra.






Figur 6: Aktivitet i samarbeidsregionane

Hordaland fylkeskommune har også samarbeidd med Orknøyanne, men dei er ikkje tatt med i figur 6 då ingen skular har meldt om samarbeid dei siste åra.

Hausten 2017 startar Hordaland fylkeskommune opp ein Hordalandsklasse i Edinburgh, og det vil bli interessant å sjå om det vil vere med på å etablere fleire samarbeid i denne regionen.

#### «Samarbeid i 31 land i Europa»

På spørsmål om samarbeid i andre europeiske regionar/land opplyser skulane at dei samarbeider med skular, læreverksemder eller liknande i til saman 31 land i Europa. Talet på land som skulane har hatt samarbeid med, er omlag det same som ved kartlegginga i 2014, då det var samarbeid i 33 land.



Figur 7: Topp 10 samarbeidsland i Europa

Figur 7 viser ei oversikt over dei ti mest populære samarbeidslanda i 2016. I undersøkinga blir det ikkje spurt om kva for aktivitetar ein har i dei ulike landa, så det er vanskeleg å seie noko konkret om kvifor akkurat desse landa er mest populære. At det er Tyskland, Spania, Frankrike og England som heilt klart er dei mest brukte samarbeidslanda, kan ha samanheng med språk og språkreiser. Desse landa representerer i stor grad språk som blir tilbydde som framandspråk på skulane. Tyskland, Spania og Frankrike er tradisjonelt sett også viktige samarbeidsland når det gjeld yrkesfag.

Tabell 2 viser ei oversikt over alle samarbeidslanda og talet på skular som har hatt samarbeid i dei ulike landa sidan 2012. Tabellen viser større skilnader før og etter kartlegginga i 2014. Dette kan ha samanheng med endringar i spørsmålsformuleringa i 2014. I tidlegare kartleggingar var dette eit ope spørsmål. Nokre land kan då ha falle ut når skulane rapporterte. I dei nyare kartleggingane blei det laga ei avkryssingsliste i staden. Det er også gjort ei endring i inndelinga av land. Før 2014 var «England», «Skottland» og «Wales» samla i ein kategori; «Storbritannia», i dei to siste kartleggingane blei Storbritannia delt inn i dei respektive landa for å få ei betre oversikt over kor i Storbritannia skulane har samarbeid.

Land	2012	2013	2014	2016
Belgia	3	2	4	3
Bulgaria	1	1	1	1
Danmark	3	6	12	9
England			9	15
Estland	1	1	2	2
Finland	4	2	6	8
Frankrike	5	6	15	15
Hellas	2	4	4	3
Irland	1	1	1	1
Italia	-	1	6	8
Island	6	6	10	6
Kroatia	1	-	1	-
Latvia	1	-	1	1
Litauen	-	1	3	3
Luxemburg	-	1	1	-
Malta	1	2	2	1
Moldova	-	2	2	3

Land	2012	2013	2014	2016
Nederland	2	2	3	4
Polen	4	3	6	6
Portugal	4	1	2	1
Shetland	-	-	3	2
Skottland			1	2
Slovakia	1	2	4	1
Slovenia	2	3	4	2
Spania	12	15	13	16
Sveits	-	1	1	3
Sverige	-	2	8	6
Tsjekia	4	2	4	2
Tyrkia	4	6	6	5
Tyskland	13	12	18	18
Ungarn	2	1	3	2
Wales			1	2
Østerrike	2	2	3	4
(N=)	26	26	38	39

Tabell 2: Geografisk fordeling av samarbeidsland i Europa 2012-2016

Tabell 2 viser også at land som Tyskland og Spania har vore populære i fleire år, medan vi ser ein markant auke i talet på skular som samarbeider i England samanlikna med 2014-kartlegginga<sup>2</sup>. Auken i talet på skular som samarbeider med England, samt Skotland og Wales, kan også ha samanheng med språk. Det kan vere lettare å få til samarbeid i desse landa fordi terskelen for å ta kontakt er lågare når det er eit språk ein meistrar. For nokre av dei yrkesfaglege utdanningsprogramma, t.d kontorlag og nokre område innan helsefag, har språk og kommunikasjonsferdigheiter stor innverknad på praksismoglegheitene. Det kan, av praktiske omsyn, vere meir tenleg å ha samarbeid i engelsktalande land.

#### «Samarbeid i Asia, Afrika og Amerika»

Skulane i Hordaland har også samarbeid med land utanfor Europa. Det er til saman ti skular som opplyser at dei har samarbeid i 12 ulike land i Afrika, Asia eller Nord/Sør-Amerika. Landa skulane opplyser om samarbeid med, er: USA, Japan, Kina, Tanzania, Zambia, Kenya, Uganda, Etiopia, Brasil, Ghana, Canada og Sør-Afrika. I tillegg er det ein skule som har samarbeid i Fransk Martinique.

### 4.5 Gjennomføring av aktivitetane

På spørsmål om det var nokre aktivitetar som var planlagde, men som ikkje blei gjennomførte, svarte 31 skular «nei» (79%) og 8 skular «ja» (21%). Årsaker skulane nemner for at aktivitetar ikkje er blitt gjennomførte, er i fleire tilfelle faktorar som det i liten grad er høve til å påverke. Til dømes at det ikkje blei nok påmelde til nokre av utvekslingsprogramma, at det ikkje var elevlar som var kvalifiserte til å reise med Erasmus+stipend, eller at dei ikkje fann relevante mottakarar. I tillegg nemnast sjukemeldingar og endringar av arbeidsoppgåver og aktivitetsplanar på skulane. Endringar i studietilbodet har også påverka evna til å kunne gjennomføre nokre av dei planlagde aktivitetane. Dette kan tolkast som at ein del av den internasjonale aktiviteten på skulen framleis er styrt av enkeltindivid og «eldsjeler», og at aktivitetane i liten grad kan gjennomførast utan dei.


### 4.6 Førebuing av internasjonale prosjekt

Skulane tar i bruk ulike hjelpemiddel og verktøy i førebuing av internasjonale prosjekt. Ut frå resultatata framstilt i figur 8, ser vi at teknologi og ulike digitale hjelpemiddel blir brukt meir hyppig no enn før. Bruken av nettsamfunn har auka kraftig dei siste to åra, frå rundt 30% av skulane som brukte dette verktøyet i 2013 og 2014, til nesten 70% av skulane i 2016. Videokonferansar er også blitt meir brukt dei siste åra. Det blir interessant å sjå om det i framtida vil bli endå meir bruk av digitale verktøy.

Kategorien «førebuing reiser/møte» er framleis ein av dei mest populære førebuingaktivitetane til skulane, sjølv om den har gått gradvis nedover dei siste åra. Ein av grunnane til dette kan vere at det er blitt vanskelegare å finansiere slike aktivitetar. Tidlegare var det høve til å søkje om midlar til førebuing reiser gjennom Leonardo da Vinci-programmet, no er det nesten ingen av EU-programma som gir støtte til dette. Eitersom førebuing reiser er eit viktig middel for vellukka prosjektsamarbeid, har skulane framleis høve til å søkje om økonomisk støtte til dette gjennom internasjonalseringsbudsjetten til opplæringsavdelinga.

---

<sup>2</sup> I 2012- og 2013-kartlegginga var samla tal på skular som samarbeidde med Storbritannia høvesvis to og fem.




Figur 8: Hjelpemidler i internasjonale prosjekt

I tillegg til dei faste kategoriane av hjelpemiddel, nemner mange skuler bruken av e-post, samt telefonkontakt. Andre hjelpemiddel som er nemnd under kategorien «Anna», er bruken av blogg samt møte og seminar i regi av Hordaland fylkeskommune og Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU).

## 5 Internasjonalisering «heime»

Internasjonalisering «heime» er eit av satsingsområda i den internasjonale handlingsplanen til opplæringsavdelinga. På spørsmål om skulane har hatt aktivitetar som dei definerer som internasjonalisering heime, svarer 52% av skulane «ja», 30% «nei», medan 18% ikkje var sikre. Det viser ein liten nedgang frå 25 skular i 2014 til 21 skular i 2016 som har hatt internasjonalisering heime. Skulane står fritt til å definere og skrive kva type aktivitetar dei ser på som internasjonalisering heime. Dette kan resultere i at ikkje alle aktivitetar som høyrer innunder denne kategorien blir rapportert, men skulane som melder om internasjonale aktivitetar heime, har mange gode tiltak og aktivitetane viser eit stort mangfald.



Figur 9: Har skulen hatt aktivitetar i 2016 som kan definerast som internasjonalisering heime?

Aktivitetane som skulane melder om, kan hovudsakeleg delast inn i tre kategoriar; «Aktivitetar knytt til fagundervisning og kompetansemål», «Aktivitetar knytt til internasjonale prosjekt», og «Aktivitetar i samband med internasjonale dagar eller andre enkeltstående markeringar på skulen».

Når det gjeld fagundervisning og kompetansemål, er det aktivitetar som til dømes nettsamarbeid med skuleklassar i utlandet og mottak av utanlandske forelesarar eller hospitantar på skulen. I tillegg er det nokre skular som tilbyr både International Baccalaureate (IB-linje) og CLIL-undervisning<sup>3</sup>. Mange av aktivitetane og prosjekta som skulane har i utlandet, fører også med seg aktivitetar som kan klassifiserast som internasjonalisering heime. Først og fremst i form av førebuing og oppfølging av aktivitetane og prosjekta skulen deltar i. Skulane nemner aktivitetar som informasjonsmøte, «kick-off»-samlingar og presentasjonar av opphalda, gjerne med inviterte gjester frå til dømes bedrifter. Elevar som er på utanlandsopphald, skriv i mange tilfelle blogg eller oppdateringar på facebooksidene til skulane slik at medelevar og lærarar kan følgje med på kva dei gjer på. I tillegg fører slikt arbeid ofte til meir internasjonalt nærvær på skulane då dei tar imot elevar og lærarar frå samarbeidsskular i utlandet, eller dei tar i mot lærarassistentar frå utlandet, og dei er vertskap og arrangerer ulike aktivitetar for utanlandske grupper av lærarar, studentar og elevar. Desse aktivitetane involverer gjerne større delar av skulen sine tilsette og elevar enn dei som får moglegheita til å reise ut.

Den siste kategorien involverer internasjonale dagar og andre enkeltstående aktivitetar. Her nemnast aktivitetar som OD-dag, Internasjonal språkdag, markering av kinesisk nyttår, internasjonal veke samt ulike innsamlings- og solidaritetsaksjonar.

## 6 Planlagde aktivitetar for 2017

Når det gjeld aktivitetar for 2017, er det 38 skular (95%) som seier at dei har planlagt internasjonale aktivitetar i 2017, to skular (5%) seier at dei ikkje har nokre konkrete planar.



Figur 10: Planlagde aktivitetar for 2017

<sup>3</sup> Content and Language Integrated Learning (CLIL) er ein internasjonal paraplynemning som dekker alle former for undervisning i eit ikkje-språkfag på eit framandspråk.

Skulane planlegg først og fremst deltaking i Erasmus+programmet, med å sende ut elevar (74%). Figur 10 viser at andre planlagde aktivitetar er «Elevtur/Studietur» (63%), Erasmus+ ta imot elevar (61%), Erasmus+ søkje om midlar (58%) og Erasmus+ sende ut lærarar (50%).

Dette er planlagde aktivitetar, og mykje kan endre seg i løpet av året, men om vi samanliknar planane dei hadde i 2014 med dei faktiske tala for aktivitetane som blei gjennomført i 2016, er skulane realistiske når dei legg fram planane sine. Tabell 3 viser ei samanlikning av planlagde og gjennomførte aktivitetar innan eit utval kategoriar.

Type aktivitet	Planlagt 2015	Gjennomført 2016	Planlagt 2017
Erasmus+: sende ut elevar	50%	72%	74%
Elevtur/studietur (kortare opphald)	60%	56%	63%
Erasmus+: ta imot elevar	43%	44%	61%
OD-dag	45%	41%	39%
Erasmus+: Strategisk partnerskap	19%	-	26%
Elevutveksling - utvekslingsorganisasjonar (t.d AFS, YFU, EF)	10%	25%	24%

Tabell 3: Samanlikning av planlagde og gjennomførte aktivitetar innan eit utval kategoriar

Tabell 3 viser at det er færre skular som planlegg OD-dag i 2017 enn tidlegare år. Denne trenden reflekterast også dersom vi samanliknar resultatane frå spørsmålet om kva for aktivitetar skulane har hatt dei siste åra, der vi observerer ein nedgang i talet på skular som arrangerer OD-dag. Det var 41% av skulane som gjennomførte OD-dag i 2016, mot 61% i 2014.

I kategorien «Andre aktivitetar», nemner skulane aktivitetar som solidaritetsprosjekt og bistandsarbeid, konferansar og seminar i heim- og utland, Troll-prosjekt, planlegging av nye prosjekt og oppretting av nye kontaktar, mottak av språkassistentar samt informasjonsmøte og samlingar. Det at mange skular melder om eigne solidaritets- og bistandsprosjekt kan indikere at denne type prosjekt har erstatta OD-dagen.


## 7 Hindringar for internasjonalisering

Sjølv om mange av skulane får økonomisk støtte gjennom internasjonaliseringsbudsjettet til opplæringsavdelinga og EU-programma til å gjennomføre internasjonale aktivitetar, dekkjer ikkje dette alle kostnadene eller tidsbruken i samband med planlegging og gjennomføring av prosjekta. Resultatane viser at skulane ser tid og pengar heller enn kunnskap som dei største hindringane for internasjonaliseringsarbeidet.

Figur 11 viser at det som skulane ser på som hindringar for arbeidet med internasjonalisering, ikkje har endra seg mykje sidan 2008. Resultatane viser at det er ein liten nedgang i talet på skular som nemner økonomiske ressursar som det største hinderet, og at det også er ein nedgang i talet på skular som meiner at mangel på engasjement på skulane, er eit hinder.

Det var få skular som la inn kommentarar i feltet «Anna» på dette spørsmålet, men det som blei nemnd kan på mange måtar gå innunder kategorien om tid og økonomiske ressursar. Skulane seier at det kan vere utfordrande å finne gode samarbeidspartnarar samt å kunne bruke tid og ressursar på å ta vare på og pleie nye relasjonar og gamle nettverk.

Språkkunnskapar er ny kategori i denne undersøkinga. Det er 10% av skulane som meiner at manglande språkkunnskapar er eit hinder for internasjonaliseringsarbeidet.




Figur 11: Hindringar for internasjonaliseringsarbeidet

## 8 Motivasjonen bak og effektar av internasjonalisering

### 8.1 Motivasjonen for internasjonalisering

På spørsmål om kva som er hovudmotivasjonen bak internasjonaliseringstiltaka på skulane, er dei fire viktigaste grunnane; å gi elevane internasjonal erfaring (95%), interkulturell kompetanse (82%), gi elevane ei ny tilnærming til faget (72%) og betre språkkunnskapar (72%).



Figur 12: Hovudmotivasjonen for internasjonalisering

Det å gi elevane internasjonal erfaring har vore den viktigaste faktoren sidan 2008 og har halde seg relativt stabil gjennom heile perioden. Bette språkkunnskapar har hatt ein jamn auke frå 2008 til 2014, og sjølv om den framleis er blant dei viktigaste motivasjonsfaktorane ser vi ein nedgang i denne kartlegginga, frå 84% i 2014 til 72% i 2016.

Interkulturell kompetanse var ein ny variabel i 2014, og den har auka litt sidan då, 82% meinte at dette var ein motivasjonsfaktor i 2016 mot 79% i 2014. Det at internasjonal erfaring, interkulturell kompetanse og betre språkkunnskapar er blant dei fire viktigaste motivasjonsfaktorane understrekar at den internasjonale dimensjonen i utdanninga og opplæringa er viktig. Det å gi elevar ei ny tilnærming til faget er også ein viktig faktor då det antyder at elevane får eit nytt syn på faga sine i tillegg til meir generell internasjonal kompetanse.

Det at over halvparten av kategoriane innan motivasjonsfaktorar har verdi over 50%, og resten er tett oppunder 50%, tyder på at det er mange faktorar som spelar inn i internasjonaliseringsarbeidet og at ulike aktivitetar har ulik motivasjon.

Når det gjeld tilbakemeldingane i kategorien «Anna», er det moglegheita for eit anna fagleg opplegg og det å gi elevane opplevinga av å greie seg på eiga hand i eit anna land som blir nemnd.

## **8.2 Effektane av internasjonalisering**

På spørsmål om effektane av internasjonaliseringstiltaka, la kartlegginga opp til eit ope spørsmål der skulane kunne svare fritt. Svara viser at internasjonaliseringsarbeidet gir effektar som er i tråd med målsettinga til Hordaland fylkeskommune, og at dei svarer til måla som er sett opp i den internasjonale strategien og handlingsplanen for internasjonaliseringsarbeidet. Tilbakemeldingane kan hovudsakeleg delast i positive effektar for den einskilde deltakar (både elevar og lærarar) og positive effektar for skulen som heilheit gjennom undervisning og skule-/klassemiljø.

Internasjonaliseringsarbeidet gir både elevar og lærarar auka språkkompetanse, auka kulturforståing og toleranse. Utanlandsopphalda gir moglegheiter til å lære og praktisere språk i autentiske situasjonar og omgjevnader. Deltaking i ulike aktivitetar bidreg til at deltakarane blir meir medvitne på andre kulturar, samtidig som dei utvidar kunnskapen om eigen kultur.

Mange av skulane seier også at internasjonaliseringsarbeidet har ein motiverande effekt på både elevar og lærarar. Deltaking i slike aktivitetar gir positive opplevingar og elevane viser nytt engasjement og entusiasme for faga sine. Skulane melder også om auka engasjement frå lærarar. Gjennom møte med andre undervisningssituasjonar får dei innsyn i andre undervisnings- og arbeidsformer. Fleire melder at dette gir nytt syn på eigen undervisningspraksis og utdanningssystem.

Yrkesfagelevane får utvida fagkunnskap og nytt fagleg perspektiv på eiga utdanning. Dei får betre innsyn i yrket sitt, og får prøve seg i praksisplassar som det ikkje ville vere mogleg å få i Norge gjennom Yrkesfagleg fordjuping (YFF).

Dei positive effektane for skulen understreka av mange. Internasjonaliseringsarbeidet skaper engasjement og samhald og bidreg både til auka tverrfagleg samarbeid på skulen og samarbeid mellom skular. Fleire skular trekk fram at arbeidet er positivt for læringsmiljøet, og at det bidreg til kompetanseheving. Vidare seier skulane at internasjonaliseringsarbeidet bidreg til det pedagogiske utviklingsarbeidet, og ein skule melder at eit resultat var utvikling av lokal læreplan.


Andre tilbakemeldingar tyder på at internasjonale aktivitetar og utanlandsopphald kan gi kjennskap og tryggleik i det å ha kontakt med andre nasjonalitetar, og at aktivitetane er med på å skape eit grunnlag for større forståing for det som er annleis. Dette kan igjen vere med til å bidra til å gjere elevane til betre medelevar og hindre utanforskap.



Tilbakemeldingane tyder også på at internasjonaliseringsarbeidet gir skulen status, og at det har ein positiv effekt på både omdømet og rekrutteringa til skulen. I år er det fleire skular som melder at dei også får positive tilbakemeldingar frå både føresette og frå næringslivet i regionen som merker dei positive effektane av internasjonaliseringsarbeidet til skulane. Det er gledeleg at arbeidet skulane gjer også har verdi for lokalsamfunnet.


## 9 Informasjon og oppfølging

På spørsmål om skulane får tilstrekkeleg informasjon om tilboda som finst i høve til internasjonale aktivitetar, svarar 34 skular «ja» (85%), ein skule «nei» (2%) medan fem skular (13%) er usikre.



Figur 13: Får skulane tilstrekkeleg informasjon om tilboda som finst?

Figur 14 viser ei oversikt over prosentdelen av skular som meiner dei får, eller ikkje får, tilstrekkeleg med informasjon om tilboda som finst, i perioden 2009 til 2016.




Figur 14: Får skulane tilstrekkeleg informasjon (2009-2016)

Frå kartlegginga i 2014 ser vi ein auke i prosentdelen av skular som meiner dei får tilstrekkeleg informasjon, frå 77% i 2014 til 85% i 2016. Det er også gledeleg at det då er ein nedgang i talet på

skular som meiner dei ikkje får nok informasjon frå 7% til 2%. Dette resultatet forsterkar også funna som viser at det er andre faktorar enn kunnskap som er til hinder for internasjonaliseringsarbeidet.

Når det gjeld i kva form skulane ønskjer å få informasjon, er det ein kombinasjon av det digitale og det personlege som er ønskjeleg (Figur 15). Digital form vil vere e-poster (87%), elektronisk nyheitsbrev (72%) og læringsplattforma it's learning (59%), medan informasjonsmøte representerer det personlege. Her gir skulane tilbakemelding om at felles møte (59%) er å føretrekke framfor eigne individuelle informasjonsmøte på skulane (15%). Dette er vidare forsterka i kommentarar frå kategorien «Anna», der skulane i tillegg ønskjer seg erfaringsseminar og møteplassar for å kunne samlast ein gong i blant.



Figur 15: Informasjonskjelder som er ønskjelege

Dersom ein samanliknar med tidlegare år, ser ein at det er informasjon gjennom e-post, elektroniske nyheitsbrev og informasjonsmøte som har vore dei informasjonskanalane som har vore mest ønskjelege i alle år.